



Arkivsaknr: 2024/5471-9
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornying av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i tidsrommet 01.10.24 -til 30.09.28 - Bøvågen Øl og vinstue

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bøvågen øl og vinstue AS org. nr 994548948 får innvilga alminnelig skjenkeløyve inne og utandørs for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - 3 ved Bøvågen øl og vinstue, Bøvågen 1, 5937 Bøvågen.
2. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er frå kl. 16.00 – 02.00
3. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er frå kl. 16.00 – 01.00
4. Styrar for skjenkeløyvet er Jostein Rikstad f. 30.09.76 og avløysar er Svein Rikstad f. 05.09.65
5. Løyvet vert gjeve for løyveperioden frå 01.10.24 – 30.09.28

Løyvehavar pliktar å senda til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 1. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår som er sett i løyvet.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak jfr. Forvaltningsloven §29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 -3 i perioden 2024 – 2028.

Bakgrunn

Bøvågen Øl og vinstue AS org. nr 994548948 har i søknad datert 30.04.24 søkt om fornying av skjenkeløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - 3 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28. Driftskonseptet er bar, restaurant/selskapslokaler. Skjenkeareal inne er 200 kvm og utandørs 80 kvm. Jostein Rikstad er styrar for skjenkeløyvet og Svein Rikstad er avløyssar. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå kl 16.00 – 02.00 og for gruppe 3 frå kl. 16.00 – 01.00.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (Alkoholova §1- 6). Bøvågen øl og vinstue søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløyssar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1-7 c.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.